



Arkivnr: 2018/426-207  
Saksbehandlar: Berit Iren Mjanger

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.11.2018

## Fordeling av midlar til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, haust 2018

### Samandrag

Tilskotsordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles ordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Målet er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet. Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet.

Ved gjennomgangen av søknadane etter fristen 15. februar i år, var fleire av dei aktuelle satsingsområda lite representert i søknadsmassen. Særleg var desse to punkta underrepresentert:

- **Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule**
- **Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom**

KIRU vedtok 24.04.2018 at kr 375 000,- av den totale budsjettposten for 2018 skulle tildelast i ny søknadsrunde. Fristen vart sett til 15. september, og dei to punkta over skulle prioriterast i tildelinga.

Det kom inn 27 søknader innan fristen 15. september. I innstillinga til fordeling er det prioritert utviklingsretta prosjekt som har mål om å auke aktivitet i skulen/SFO og på skulen sine område. Dette er i tråd med føringar og satsingar både regionalt og nasjonalt og vedtak frå KIRU i april. I tillegg er prosjekt knytt til opne hallar og meir-opne anlegg prioritert. Fylkesrådmannen ser positivt på lokale initiativ til å implementere nye aktivitetar inn i idrettsanlegg og friluftsområde for å engasjere breiare og skape sosiale møteplassar og sosial berekraft for ulike aktivitetar.

**Økonomi:** Det vert løyvd kr. 375 000,- over budsjettpost 400.420

**Klima:** Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggerane sine nærmiljø.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar

**Regional planstrategi:** Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

Generelt:	
Budsjett 2018:	Kroner 375 000
Søknadsfrist 2018:	15. september
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2018:	
Tal på søknadar:	27
Samla søknadssum:	1.938.771,-
Tilrådd til fordeling:	375 000,-

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 375 000,- kroner over budsjettpost 400.420.10 som vist i tabell:

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Tilskot
BØMLO SYMJEKLUBB	Bømlo kommune	Symjetrening og symjeopplæring gjennom Bømlo symjeklubb	22000	0
HETLEVIK SPEIDERNE		Oppstart Hetlevik Speiderne	115471	0
RUBBESTANESET GRENDAUTVAL	Bømlo kommune	Lek og samspel i Indianerskogen	40000	20000
AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB	Austevoll kommune	Innkjøp av hinderløype wibit	100000	25000
MELAND KOMMUNE	Meland kommune	Ungdom og barn - saman skapar vi aktivitetsglede	43000	43000
FUSA KOMMUNE	Fusa kommune	E-sport i ny idrettshall	96000	50000
HORDALAND FYLKESK. 1962	Hordaland Fitjar kommune	Trygt og godt skulemiljø Open idrettshall ved Ope hus for ungdom	100000 10000	0 10000
KVINNHERAD KOMMUNE	Kvinnherad kommune	Teljing av turgåare	90000	30000
FOTLANDSVÅG GRENDRÅD	Osterøy kommune	Sykkelbane/pumptrack	100000	0
SAMNANGER KOMMUNE	Samnanger kommune	Kreativ+aktiv+ungdom=sant	50000	25000
SAMNANGER FRIVILLIGSENTR	Samnanger kommune	Utstyrsbank	100000	20000
VESLEVARDEN VELFORENING	Øygarden kommune	Søknad om støtte til hinderløype/ klatrenett på lekeplass i Veslevarden boligfelt	80000	0
BREMNES IDRETTSLAG	Bømlo kommune	Athletix	60000	0
BÅTLAGET NJORD/TYSNES	Tysnes kommune	Peralio Tuftepark	250000	0
RADØY KOMMUNE	Radøy kommune	Ny luftpute til uorganisert aktivitet	45000	0
BERGEN OG OML. FRILUFTSR.	Hordaland	Utstyr for å skape aktivitet i BOFs friluftsområder	50000	25000

KALANDSEIDET IDRETTLAG	Bergen kommune	MEGA Basistreinginstilbud på Kalandseid	20000	0
BØMLO TUR - OG SOGELAG	Bømlo kommune	Tursti Eide, Roaldsfjorden, Sætre	69500	0
AUSTRHEIM UNGDOMSKLUBB	Austrheim kommune	Utviding av hinderløype på vann	67000	30000
RUBBESTANESET IDRETTLAG	Bømlo kommune	Rubbhallen - et naturlig samlingspunkt	80000	40000
KOLBEINSVIK VEL	Austevoll kommune	Aktivitetspark Aktiv i Kolbeinsvik	52000	0
FINNÅS SPORTSKLUBB	Bømlo kommune	3 i 1 Aktivitetspark	100000	0
ASKØY KOMMUNE	Askøy kommune	Kommune naustet på herdla	100000	25000
TJELDSTØ SKULE	Øygarden kommune	Freesbeegolf	45800	0
FITJAR IDRETTLAG	Fitjar kommune	Stolpejakta - kulturminne og folkehelseilbod	30000	20000
HORDALAND IDRETTSKRETS	Hordaland	AktiVane - Øygarden kommune	23000	12000
		<b>sum</b>	<b>1938771</b>	<b>375000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.10.2018**

Ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles tilskotsordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Tidlegare var det fire ulike ordningar, men frå 2016 vart dei samla i denne ordninga. Dette er i samsvar med føringar i Regional kulturplan 2015-2025. Fylkestinget vedtok 14. desember 2016 å løyve kr 200.000 til dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt. I sak 5/2017 vedtok utval for kultur, idrett og regional utvikling å inkludere desse midlane i tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom. Målet for tilskotsordninga er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet.

Det viser seg ved gjennomgangen av søknadane innkomne etter fristen 15. februar, at det er fleire av våre aktuelle satsingsområde som ikkje er representert i søknadsmassen. Tiltak for å nå ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule og tiltak knytt til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom, er begge underrepresentert blant søknadane. Både regional kulturplan, regional plan for folkehelse og Utviklingsplan for Hordaland 2016 - 2020 har fokus på satsing kring skule. Vi ser dette i samanheng med vedtak i Stortinget 7. desember 2017 om at regjeringa skal fremme ei stortingssak som sikrar grunnskuleelevar minst ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag og Gjensidigestifting si satsing på dette gjennom å tildele 24 millionar i perioden 2018-2020 til eit fem-årig prosjekt gjennom etablering av nytt nasjonalt senter på Høgskulen på Vestlandet, senter for fysisk aktiv læring (SEFAL), som skal bu skular og lærarar på fysisk aktiv læring. I tillegg ønskjer Fylkesrådmannen auka fokus på utvida bruk av kultur- og idrettsbygg til aktivitet og utvikling av møteplassar. Dette kan t.d. vere tiltak og aktivitet som aukar bruken av eksisterande idrettsanlegg, både innandørs og utandørs. Dette er tema som vil få fokus framover gjennom t.d. delprosjekt i Idrettscampus Bergen, Dialogkonferansen for idrett og friluftsliv, Folkehelsekonferansen 2018 og gjennom arbeidet med regionsreforma i samarbeid med Sogn og Fjordane.

KIRU vedtok i april 2018 til at det skulle lysast ut kr 375 000,- i ny søknadsrunde med frist 15. september 2018, for å kunne sette ekstra fokus på dei to områda ovanfor, som er aktuelle tema både regionalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt.

Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per time). Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar. Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Det blir oppmoda til samarbeid mellom kommunar og organisasjonar. Det blir ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift. Tiltak som har fått tilskot i tre år blir ikkje prioriterte.

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.